

Risnes krins grunneigarlag  
Rossnesvegen 129  
5937 Bøvågen

26.august 2019

Radøy kommune  
5936 Manger

### **Søknad om drift av nye veglys – søknad om tilskot til nye veglys.**

Som ein del av grunneigarlaget sin handlingsplan for 2019 ynskjer vi å medverka til å betra tryggleiken på vegane i vårt nærrområde gjennom eit veglysprosjekt. Vi har hatt kontakt med BKK for å utgreie saka, og i budsjett for 2019 har vi sett av ein sum til betre lys på vegane i krinsen.

Vegane har liten bredde, er til dels dårleg opplyst og er ikkje særleg trygge for skuleelevar eller mjuke trafikantar generelt. Dei fleste elevane på barneskulen har ikkje rett på fri skuleskyss. Rossnesvegen er fylkesveg og vegane til Kjenes og Risnes er kommunevegar, men så vidt vi kjenner til har ingen av vegeigarane konkrete planar om meir lys eller andre tiltak som kan medverke til auka tryggleik.

Alle vegfarande vil ha stor nytte av betre lys. For mjuke trafikantar vil dette vera ei stor forbetring då kombinasjon av smal veg og lite lys vert opplevd som utrygt. Det går jevnleg tømmerbiler og anna tungtrafikk på vegen. Då er det lite rom for andre trafikantar med unntak av møteplassar og private avkjørslar. Dette oppleves som utrygt og spesielt der det mangler lys.

På initiativ frå Grendalaget og privatpersonar i bygda er det sett opp ein del lampar dei seinare åra, men det manglar framleis ein god del for at det skal verta nokonlunde samanhengande.

Vi ønsker primært at Radøy kommune overtar driftsansvaret for dei 19 lampane som vi har sett opp i vedlagte liste. Dersom Hordaland fylke skal involverast ber vi om at Radøy kommune videresender.

BKK har hatt synfaring og gitt oss eit overslag over kostnaden. Vi ønsker å sette opp 19 nye lyspunkt som vil koste anslagsvis kr. 310 200. Årsmøtet i grunneigarlaget har i sitt budsjett for 2019 sett av kr. 25 000 til prosjektet og vi har også utfordra Grendalaget til å vera med. Vi har søkt Sparebanken Vest sitt allmennnyttige fond om tilskot men nådde diverre ikkje opp i årets søknadsrunde.

Vi vonar at også Radøy kommune kan vera med på dette spleiselaget med ein sum.

Med venleg helsing Risnes krins grunneigarlag

Audun Sylta  
Leiar

Johnny Søgner  
Sekretær